

Kyrkjebladet for **VAKSDAL**

71. ÅRG. / NR. 2 - 2017



Min salme
Side 4

Vegen
Side 6, 7 og 8

- Andakt side 3
- Slekters gang side 11
- Gudstenestelista side 11 og 12

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Mobil 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

Trusopplærer

Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79

E-post: kristin.audestad@vaksdal.kyrkja.no

Organist (vikar) Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84

E-post: frode.vik@vaksdal.kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester, konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på www.vaksdal.kyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Søralsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

Framsidedeilete: Sofie på Baby- og småborns-song. Oppe til høgre: Luther-rosa er Martin Luther sitt personlege segl frå 1530. Ho har blitt eit utbreidd symbol for den evangelisk-lutherske kyrkja.

God sumar

Då var våren her igjen. Endeleg! No e da berre å nyta/nytta han so lenge han varar. Våren er ei fantastisk tid. Heile naturen går i frå grå og trist, til frodig, grøn og herleg, på berre nokre dagar. Lamma spring på bakkane, og fuglane kvitrar når ein går på jobb om morgonen. Sumaren kjem rett og slett over oss før me veit ordet av det! For ei veker tid sidan hadde eg ein særst flott køyretur innover i Hardanger. Fjorden låg blikstille og blå, det var meir en 20 grader ute, men fortsatt snø på dei høgaste toppane. Naturen viste seg rett os slett frå si alle beste side. Då sa mi kjære kone fylgjande ord. «kunne det ikkje alltid vore slikt vær?» Eg måtte berre nikka å seia meg einig.

Eg var på fjesboka her ein dag. Der fann eg ein morosam videosnutt. Det var ein kar som kom ut frå huset sitt i vinterklede. Boblejakke, hue, gode sko osv. Når han kom ut var det 20 grader og sol. Han tverrsnur, spring inn i huset. Riv av seg kleda medan han spring opp trappa. Han kjem ner trappa nokre sekund seinare, med shorts, solbriller og sandalar, og spring ut..... Berre for å oppdaga at det er snø ute. Om ikkje sumaren er fult so kort, so gjeld da å nytta på medan han er her. Huks å sitja i solveggen, slappa av, preika med familie og gode vener, og nyta sola. So får heller målinga av husveggen ta ein dag eller to lengre en planlagt. God sumar!

Bjart-Magnus N Rosvold

Fellesrådsleiar:

Odd Arild Faugstad

tlf. 952 65 989

e-post: oddfau47@gmail.com

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Grethe Loftheim Dale

tlf. 992 68 128

Dale: Brith Kydland

tlf. 48 13 06 64

Bergsdalen: Herborg Holt Lid

tlf. 454 65 977

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Kjersti Vetlejord Børø

tlf. 56 59 64 19 / 957 01 608

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim

tlf. 930 54 636

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme

si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstytar:

Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming:

VaksdalPosten

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Riss Grafisk AS,
5610 Øystese.
Tlf. 56 55 36 50

Retur til: Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,
5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 14. august.



Det handlar om å få - og å ta imot

Fred er for mange fråver av krig og konflikt, vil eg tru. Og dei er glade berre dei slepp unna det slikt. Derfor er kan hende det beste med å kome til eit land som Noreg å sleppe unna dette, sleppe å vere redd for eige eller andre sine liv. Men sjølv i fredelege Noreg kan menneske oppleve ufred, så heller ikkje her er e garantert å ha fred.

Fred kan me og ynskje oss i mindre målestokk, slik som å ikkje bli plaga eller mobba. Eller sleppe å ha det vanskeleg i høve menneska rundt seg. Og ikkje minst kjenne ei ufred inne i seg som ikkje kan forklårast eller som en ikkje greier å få gjort noko med.

Å ha fred, både i seg og utanfor, må vere noko av det me menneske treng mest.

I teksten som møter oss på Pinsedagen i år, Johannesevangeliet 20, 19-23, er me attende til Påskedagen. Då møter Jesus læresveinane etter oppstoda. Dei hadde gjømt seg bort, og varr redde og sikkert ganske forvirra.

Då kom Jesus;

han stod midt imellom dei og sa:

«Fred vere med dykk!»

Det er ikkje godt å seie om dei fekk med seg det han sa med ein gong, så overraska vart dei. Men dei vart i alle fall glade. Det er kan hende difor Jesus seier det oppatt: «Fred vere med dykk!» Jesus snakkar om denne freden andre

gonger og, og seier mellom anna at
Fred etterlèt eg dykk,
min fred gjev eg dykk.
Eg gjev dykk ikkje fred
på same måten som verda gjer det.

Joh 14,27

Med desse orda fortel Jesus at den freden han kan gje dei – og oss er noko meir og større enn fråveret av krig og konflikt. Det er jamvel mogleg å vere i den freden sjølv om det er ufred rundt oss.

Jesus held fram, og då kjem me til det Pinsa handlar om:

Ta imot Den heilage ande!

Den heilage ande har alltid vore her i Guds skaparverk, og i dåpen seier me at den døypte får Den heilage ande. Samstundes handlar det om å få anden aktivert i våre liv - omtrent ut som eit dataspel eller ein «app» som må aktivert for at me skal kunne ha glede og nytte av dei.

I Pinsa - og kvar dag - handlar det om å ta imot det Jesus byd oss og som me ikkje kan skaffe oss sjølve. Det handlar om frelse og liv og andens frukt i våre liv. Og om mykje meir.

Så ta imot!

Med venleg helsing
Frode Kvamsøe

Illustrasjonen:
Utsnitt av altarduken i Starnes kyrkje.
Dua er eit symbol på Den heilage ande.
Foto: Anne Marta Hoff

Min salme

Takk for utfordringa frå Einar Magne til å velja ut ein salme som betyr noko spesielt for meg. Familien min tenkjer vel at då får mammo problem med å velje ut berre ein, - og det er sant! Mogleg dei meiner eg er over snittet glad i salmar. Å få læra ein ny salme er litt «snadder»... - Som den gongen eg reiv ut ei heil side i salmeboka, for det var for tungt å bera heile boka med til fjells, og eg kunne ikkje teksten utanåt. Var forresten ein av pinsesalmane, som høvde heilt ypparleg til «tursalme» på førsommaren....

Salmar som ligg hjarta nær, skiftar med årstider, høgtider og situasjonar. Trur mange kjenner seg att der. Det fins alltid ein salme ein kan kjenna seg att i, nokon som har sett ord på levd liv, ein tanke, ei bøn, ei takk. Det er så mange fine å velja mellom. Dei kan også for meg vera knytt stader eller personar i livet mitt. Kveldssalmar, som til dømes Skjæråsen sin «Himlen blåner for vårt øye» er ein av dei. Eller den vesle perla på nr «Det syng så vakre tonar gjennom kvelden» (nr. 233). Eller nr. 537, og ikkje minst nr. 243. For ikkje å oversjå pinsesalmane, og dåpssalmar brukt då borna og barneborna våre vart døypt. - Og--, og---... Valets kval!

Men det er ein salme eg alltid kjem tilbake til, som eg ofte nynnar på når eg går etter vegen, og som set ord på den ekte gleda ein som kristen har. Det er salmen «Gladeleg vil me halleluja kveda...». Sikkert eit litt sært val, nynorskversjonen har ikkje ein gong fått plass i den nye salmeboka. Men det som talar til hjarta, kan ikkje alltid forklarast med fornuften?

Den er skriven av Johannes Agricola i 1524, etter Salme 117 i Bibelen. Det kan vel høva dette året med Reformasjonsjubileum? Den er omsett til flott klassisk nynorsk ved Støylen. Melodien er av Ludvig M. Lindemann, 1871 (Norsk Salmebok nr. 277, bokmål). Kall den gjerne ein lovsong, men den kan like gjerne

fungera som ei truedkjennning. Dessutan høver melodien så godt til teksten, lett og leikande. Særleg likar eg strofa som seier at «hjarta skal leika for Herren av gleda!» Tenkjer at det er uttrykk for fullkomen tru og tillit. Born som leikar, har det bra. Ekte leik er utan frykt og bekymring, den gjev uttrykk for kreativitet og glede, og er fasinierende å betrakta. I dei aller beste stundene i livet, tenkjer eg at hjarta mitt er «der». Og det kan vera heilt på tvers av ytre omstende. Av og til får ein små glimt av dimensjonane i Guds kjærleik og gode vilje for oss, då tenkjer eg at det er supert å vera Guds barn og la hjarta «leika» litt! Her kjem «min» salme, som eg gjerne deler:

1. Gladeleg vil me halleluja kveda, hjarta skal leika for Herren av gleda. Synder han tilgiv, og skyld han utslettar, Såraste sorgi or hjarta vårt lettar.

2. Alt det som liver på jordi skal lova Herren for all hans useiande gáva, Kristus hev vegen og livet oss funne, Makt over dauden og djevelen vunne.

3. Alle som trur gjev han miskunn og nåde, Trøystar og hjelper i sorger og våde. Burtkomne son han til gjestebod kalla, Faderens lovnad kan aldri burtfalla.

4. Gud vere lov, som oss løyste or vanden, Evigt høglova med Sonen og Anden, Han som har vore og evigt skal vera, Gud over allting høglova og æra! Eidrun Straume Normann sender salmestafetten vidare til Marit Merethe Lunde

Eidrun Straume Normann sender salmestafetten vidare til Solfrid Urke Nese.

Lynnedslag i Vaksdal kyrkje

Natt til onsdag 15. mars small det på Vaksdal, då slo lynet ned i kyrkja. Lynet følgde det elektriske anlegget inne i kyrkja. På grunn av dette vart delar av leidningsnettet øydelagt, og det kom omfattande skadar på sikringsskapet. I ettertid har me også måtte skifta ut teleslynganlegg og mottakar for trådlause mikrofonar. Andre elektriske artiklar som t.d. luftfuktar, vart også skifta ut. Heldigvis har orgelmotoren ikkje vorten skada. Ein skade på denne ville nok ført til at ein ikkje hadde fått orgelmusikk i kyrkja på fleire månadar.

Det er ikkje tvil om at det er enorme krefter som har vore i sving denne natta, og me er alle glade for at det ikkje vart brann i kyrkja. Det er også ei lukke at dette skjedde på eit tidspunkt det ikkje var folk i kyrkja. Om de hadde vore folk i kyrkja og spesielt i



tårnet på kyrkja, kunne det ha gått verkeleg galt. Sjølv om skadane var omfattande inne, må ein gå utifrå at mykje av lynet har funne

vegen gjennom lynavleiar- en på kyrkja. Dette er nok grunnen til at det ikkje tok fyr i kyrkja denne natta. Heldigvis har kyrkjene

våre gode forsikringsavtalar, og dette gjer at utgiftene som fellesrådet må ta direkte over sitt eige budsjett vert små. I våre dagar er det kanskje farleg å snakka om under. Men ein skal ikkje sjå vekk ifrå at Vår Herre kanskje sytte for at me slapp unna denne hendinga med skrekken.

Bjart-Magnus N Rosvold



Vaksdal kyrkjelege fellesråd 2015-19

1. rekke frå venstre: Anita Gullbrå (Nesheim sokn), Sigmund Simmenes (kommunal representant), Haldis Fjellanger (Eksingedalen sokn), Anne Margrete Eikefet (Stamnes sokn).
2. rekke frå venstre: Frode Kvamsøe (geisteleg representant), nestleiar Anne Hilde Fosse Os-vold (Bergsdalen sokn), Thor Andersen (Dale sokn), leiar Odd Arild Faugstad (Vaksdal sokn), Bjart-Magnus M Rosvold (kyrkjeverje/skrivar, utan stemmerett)

Anders Magne Tolås Wendel

kjem til Vaksdal i juni, saman med konfirman- tar frå Gøteborg. Desse turane har etter kvart blitt tradisjon, og dei kjem hit for å gå i Bergsdalsfjella. Turen vert avslutta med ei Lovsongargudsteneste i Vaksdal kyrkje onsdag 21. juni kl 19.00, og der er alle velkomne.

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

har sagt opp stillinga som kantor i Vaksdal. Det er no lyst ut 1, 5 stilling som kantor/kyrkjemusikar i Vaksdal, og vonleg vert det tilsetjing i løpet av juni.



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegene i Vaksdal. Det er sjølvstekt livs- og trusvegane det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Følg Vegene i Vaksdal på Facebook!



Borna sin store påskedag

2. april var det Borna sin store påskedag, denne gongen i Vaksdal bedehuset, sidan kyrkja vart råka av lynnedslag. Sjuåringar var spesielt involverte, og vart saman med kyrkjelyden elles geleidda gjennom dei fire sentrale dagane i påskeveka ved å lytta til og leva seg inn i forteljingane.

hus, sidan kyrkja vart råka av lynnedslag. Sjuåringar var spesielt involverte, og vart saman med kyrkjelyden elles geleidda gjennom dei fire sentrale dagane i påskeveka ved å lytta til og leva seg inn i forteljingane.

terte, og vart saman med kyrkjelyden elles geleidda gjennom dei fire sentrale dagane i påskeveka ved å lytta til og leva seg inn i forteljingane.

dagane i påskeveka ved å lytta til og leva seg inn i forteljingane.

Ungdomsleir for 7. og 8. klassingar

Ei helg i slutten av mars vert det ungdomsleir for 7. og 8. klasse, på leirstaden Fagertun i Eksingedalen. Det vart kjekke dagar med gruppeaktivitetar, bibeltimar, leirkveld, formingsaktivitetar og også ein del fritid – som ofte vart nytta til ulike gruppeleikar i daglegstova. Ein trygg og kjekk gjeng å ha med på leir, og me gjentek sannsynlegvis denne leiren til neste år!

Eksingedalen. Det vart kjekke dagar med gruppeaktivitetar, bibeltimar, leirkveld, formingsaktivitetar og også ein del fritid – som ofte vart nytta til ulike gruppeleikar i daglegstova. Ein trygg og kjekk gjeng å ha med på leir, og me gjentek sannsynlegvis denne leiren til neste år!

tetar og også ein del fritid – som ofte vart nytta til ulike gruppeleikar i daglegstova. Ein trygg og kjekk gjeng å ha med på leir, og me gjentek sannsynlegvis denne leiren til neste år!

kjekk gjeng å ha med på leir, og me gjentek sannsynlegvis denne leiren til neste år!

Barneleir på Fagertun - 10-åringar spesielt inviterte

Helga etter ungdomsleiren var den tradisjonelle vinterleiren for 4.-7.-klasse på Fagertun. I år inviterte me årets tiåringar spesielt til denne leiren. Dette er som med ungdomsleiren eit samarbeid mellom trusopplæringa i Vaksdal og Barne og Ungdomsrådet til Norges Samemisjon, som eig leirstaden. Leiren blei fullstappa, med heile 38 deltakarar, og fleire på venteliste. Veldig kjekt med så mange som ville vera med på leir, sjølv om det ikkje var kjekt å måtta sei nei til nokon! Det vert nok teke omsyn til dette neste gong. På leiren var det sjølvstekt mykje liv og leik, nye venskap vart skapte og ferske leirdeltakarar fekk oppleva kor kjekt det er på leir.

Ungdomsrådet til Norges Samemisjon, som eig leirstaden. Leiren blei fullstappa, med heile 38 deltakarar, og fleire på venteliste. Veldig kjekt med så mange som ville vera med på leir, sjølv om det ikkje var kjekt å måtta sei nei til nokon! Det vert nok teke omsyn til dette neste gong. På leiren var det sjølvstekt mykje liv og leik, nye venskap vart skapte og ferske leirdeltakarar fekk oppleva kor kjekt det er på leir.

til dette neste gong. På leiren var det sjølvstekt mykje liv og leik, nye venskap vart skapte og ferske leirdeltakarar fekk oppleva kor kjekt det er på leir.



Babysong, Lunsjtreff og Småbornssong på Dale

Etter ein periode på Dale, flytte me babysong, lunsjtreff og småbornssong frå Dale til Vaksdal i løpet av mars. På Vaksdal har me vore både i bedehuset og i kyrkja, og Kristin har framleis ikkje heilt bestemt seg for kvar ein heldt fram til hausten. Begge stadar har sine kvalitetar, men det viktigaste er uansett at det er ein trygg og god plass å vera for små og store. Det har vore kjekt å vore saman med babyar og mødre/fedre, og gøy å sjå korleis borna utviklar seg, og blir meir med på songar og regler etter kvart som dei blir vande med dei!

i bedehuset og i kyrkja, og Kristin har framleis ikkje heilt bestemt seg for kvar ein heldt fram til hausten. Begge stadar har sine kvalitetar, men det viktigaste er uansett at det er ein trygg og god plass å vera for små og store. Det har vore kjekt å vore saman med babyar og mødre/fedre, og gøy å sjå korleis borna utviklar seg, og blir meir med på songar og regler etter kvart som dei blir vande med dei!

det viktigaste er uansett at det er ein trygg og god plass å vera for små og store. Det har vore kjekt å vore saman med babyar og mødre/fedre, og gøy å sjå korleis borna utviklar seg, og blir meir med på songar og regler etter kvart som dei blir vande med dei!


sjå korleis borna utviklar seg, og blir meir med på songar og regler etter kvart som dei blir vande med dei!

Kva skjer på VEGEN framover?



Segltur med 12-åringar

Laurdag 19.august vert det segltur med Brørvikaskuta på Stamnes, for årets tolvåringar. Det var ein veldig kjekk tur i fjor, og me håpar endå fleire ser sitt snitt til å få ein spennande og annleis tur sjøvegen i kommunen vår, med eit rutinert og dyktig mannskap. Det er plass til å ta med foreldre òg, og sidan me har det ei helg i staden for ein vekedag denne gongen,



håpar me at endå fleire har sjansen til å vera med.

Skulevegensamling

Også i haust vert det Skulevegensamlingar for alle born sombyrjar i 1. klasse i år. Akkurat korleis desse samlingane vert, har me ikkje funne heilt ut endå, men dei vert sannsynlegvis i samband med ei gudsteneste, som tidlegare år. Babysong, lunsjtreff og småbornssong på Dale og Vaksdal

I haust vert det babysong (kl. 10-11), lunsjtreff (kl.11-12) og småbornssong (kl. 12-13) på Dale og Vaksdal torsdagar, og ikkje måndagar som før. Me startar opp torsdag 7. september, sannsynlegvis med ein periode i Dale bedehus fyrst. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne!

Baby- og småbornssong på Stamnes og i Eksingedalen

Også i haust vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong på Stamnes og i Eksingedalen. På Stamnes ein gong i månaden, og i Eksingedalen ein gong om hausten og ein gong om våren. Nærare beskjed om datoar kjem, blant anna på fb-sida «Babysong, lunsjtreff og småbornssong i Vaksdal».

Tankar frå trusopplæraren

Eg gjer mykje ulikt i jobben min, men set ekstra stor pris på dei jamnlege stundene med babysong og småbornssong. Eg føler meg privilegert som får bli kjend med mange kjekke, små personlegdomar, som strekkjer seg bittelitt (eller mykje!) for kvar gong eg ser dei. I tillegg til at eg får bli kjend med stadig nye, gode, ulike mødre (og nokre få tøffe fedre), som alle har noko godt å tilføra samlingane, berre ved å vera med. Eg føler at eg klarar å vera meg sjølv undervegs, og eg håpar at dei som kjem opplever at det er



ein trygg stad å vera, og høg «kom-som-du-er»-faktor. God sommar!

Kristin

FASTEAKSJONEN 2017

Innsamlingsresultatet

(Dør-til-dør-aksjonen 4. april og takkoffer i gudstenestene i påska):

Vaksdal sokn:	22.963,-
Dale sokn:	26.246,-
Stamnes sokn:	11.609,-
Bergsdalen sokn:	1.583,-
Eksingedalen sokn:	853,-
Nesheim sokn:	3.116,-

KONFIRMANT*
2018

Konfirmasjon i 2018 Konfirmasjonsdatoane:

Dale kyrkje: Laurdag 5. mai og søndag 6. mai. Vaksdal kyrkje: Søndag 6. mai. Stamnes kyrkje: Søndag 13. mai. For Bergsdalen, Eidsland og Eksingedalen vert datoane bestemt seinare.

Det kjem brev til dei som er fødde i 2003 med informasjon om konfirmantopplegget. Ta kontakt med Kyrkjekontoret viss det ikkje kjem.



Konfirmantar i Dale kyrkje 6. og 7. mai 2017

1. rekke frå venstre: Julie Dalseid Landro, Marielle Svarstad Edtem, sokneprest Frode Kvamsøe, Tove Ulveseth Svensson, Celina Vetås Rodriguez.

2. rekke: Marius Berentsen Sandvik, Noah Hagen Brekke, Martin Faugstad Davidsen, Hilde Vik Dale, Adriana Sofia Noel, Arn Fossmark, Mathias Tveterås Terjesen, Lene Kristin Standal Andersen.

3. rekke: Johanna Aas, Gard Eidsnes, Fabian Mark Bruce, Marius Balestrand, Severin Langhelle, Oliver Sellevold Sæterdal.
(Lars Hvidsten Brekke var ikkje til stades under fotograferinga)

Foto: Fotograf Løtvedt



Konfirmantar i Vaksdal kyrkje 7. mai 2017

1. rekke frå venstre: Vanja Stammeshagen Falkanger, Emilie Helene Instøy Sellevold, sokneprest Edvard Bø, Stine Kvam Utskott, Remi Skaftun Søvik.

2. rekke: Jonas Haugland Lindholm, Markus Walde Bjørsvik, Roger Stavenes, Sebastian Hørdum Nyberg, Emil Langeland Vaksdal, Joakim Eintveit, Njål Sæterdal Hægland, Alex Haugland Knutsen, Sander Våge Jordalen.

Foto: Fotograf Løtvedt



Konfirmantar i Stamneskyrkje 14. mai 2017

Sokneprest Edvard Bø, Jenny-Shakira Folkestad og Mona Elisabeth Høines Ulevik.

Foto: Wenche Ulevik


Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrkjekontoret

Kyrkja i dalen (2008)
Nesheim kyrkje 100 år
111 sider

NY PRIS kr 150,-

*Kan kjøpast i butikkane på Lavik.
Kan òg kjøpast hjå boknemnda:
Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim
og Asbjørn Nese.*



Dei bygde draumen
(2005)

Jubileumsskrift for
Bergsdalen kyrkje 50 år
220 sider.

NY PRIS kr 100,-


*Kan kjøpast i Bergsdalen hjå
medlemmene i soknerådet og i
kyrkja.*



Kyrkjestaden Dale
(1996)

100 år
104 sider

Kr 50,-



**Soga om
Stamneskyrkja** (1986)
229 sider


Kr 50,-

**Jubileumshefte for
Stamnes kyrkje**

Kr 100,-

(Perioden 1986-2011)

*Kan kjøpast hjå
soknerådsmedlemmene.*



Else Veronica Olsson

(biletet) frå Boge er på Kyrkjekontoret no på tida. Ho kom etter påske og skal i utgangspunktet vere der i tre månader, og er der utplassert av NAV for å få arbeidstrening.



ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00

Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.

PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN

Tlf. 56 37 14 10 • post@nordh-bb.no • www.nordh-bb.no

**TEGN
OPP**

DAK STUDIO
KARI BØ

KARI BØ
Mob. + 47 941 32 510
bkari100@gmail.com

Wernersholmveien 31
(gamle Pedek fabrikker)
Inngang G, 2. etasje
5232 Paradis

www.tegnopp.no

TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:
• Dekking
• Mat
• Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop
prix**

Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

Effektiv trafikkopplæring

Tlf. 913 03 491

geir@effektivtrafikk.no
www.effektivtrafikk.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Ve vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

- 26.02 Adelèn Rundhovde Jensen
Leon Oppistov Danielsen
19.03 Johanna Tveit-Dannielsen
09.04 Alba Myrvold
Jonathan Moe Gregersen
Gunnar Søvik-Ulveseth

Vaksdal

- 19.02 Eskil Kvitne Steinsbø
25.03 Andreas Aarskog Laastad (døpt i Dale kyrkje)
16.04 Elias Grenasberg-Bruvik
22.04 Alex Haugland Knutsen
Emilie Helen Instøy Sellevold

Eksingedalen

- 26.02 Josefine Nottberg Brønstad (døpt i Nesheim kyrkje)
12.03 Mathilde Hagenes Lavik (døpt i Bergsdalen kyrkje)

Stamnes

- 19.02 Jenny-Shakira Folkestad



DØDE

Bergsdalen

- 15.03 Helga Frøland 1920

Dale

- 12.02 Dagfinn Danielsen 1922
18.02 Astrid Gregersen 1928
24.02 Sidsel Sellevold 1920
01.03 Nils Leonard Thunestvedt 1929
18.03 Sigurd Fyllingslid 1921
22.03 Åse Nilsen 1947
12.04 Inger Grötting 1922
22.04 Edith Amalie Terjesen 1922
30.04 Trygve Indrebø 1922
11.05 Ruth Klara Standal 1959

Eidsland

- 09.05 Frank Møster 1934

Eksingedalen

- 14.05 Torbjørn Brørvik 1922

Stamnes

- 15.03 Åge Bjørn Møster 1937

Vaksdal

- 12.02 Johannes Nyheim 1932
13.03 Marit Fossmark Thrulsen 1939
21.03 Asbjørn Fossberg 1929

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 4. juni - Pinsedag

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Stamnes, Dale og Vaksdal sokn. Bø. Nattverd. Dåp. Kyrjekaffi.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Måndag 5. juni - 2. Pinsedag

FITJAVATNET/NORDVIKSÆTER kl. 12.00. Fitjavsstemna. Kvamsøe m fl. Ta med mat og drikke.

Søndag 11. juni - Treeiningssøndagen

DALE KYRKJE kl. 11:00 Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd. Kyrjekaffi.

Søndag 18. juni - 2. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Tysdag 21. juni

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lovsongsgudsteneste. Anders Magne Tolås Wendel og konfirmantar frå Gøteborg. Nattverd. Kyrjekaffi.

Søndag 25. juni - 3. søndag i treeiningstida

AGNAVIKA (Stanghelle) kl. 16.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Kyrjekaffi (medbragt).

Søndag 2. juli - 4. søndag i treeiningstida

BERGSDALEN kl. 15:00. Stølgudsteneste på Moastølen. Bø. Ta med mat og drikke. Ved dårleg ver vert gudstenesta i lavvuen ved Småbrekkevatnet.

Søndag 9. juli - 5. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 16. juli - Aposteldagen / 6. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11:00 Gudsteneste. Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Søndag 23. juli - 7. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE. kl. 11:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 30. juli - 8. søndag i treeiningstida

LEIRO (Eidsland) kl 13:00. Olsokstemna / Friluftsgudsteneste. Thaule.

Felles avgang frå Myster kl. 11.30. Ta med mat og drikke. Ved dårleg vêr er stemna i kapellet.

Merk dag! Det er ikkje olsokstemna på laurdagen.

Søndag 6. august - 9. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE. kl. 20:00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 13. august - 10. søndag i treeiningstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Søndag 20. august - 11. søndag i treeiningstida

BRAKESTADSTØLEN (Nesheim) kl. 12:00. Støls gudsteneste. Kvamsøe. Ta med mat og drikke.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Audestad og Bø. Dåp. Nattverd. Markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Søndag 27. august - 12. søndag i treeiningstida

DALE KYRKJE. kl. 11:00. "Fest på kjerka" / Friluftsgudsteneste i Messehagen på Dale, i samarbeid med Sjømannskyrkja. Audestad og Kvamsøe. Presentasjon av konfirmantane. Markering av skulestart for 6-åringane. Kyrkjekaffi.

Dåp = Høve til dåp i gudstenesta.

Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag og på www.vaksdal.kyrkja.no og for eventuelle endringar.



Bunad og stakkastove as

ny bunad

omsøm

bunadsøle

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastove.no